

Gros Blomster med kurs og inspirasjonskveld.

28.10.2015



Advent er tema på kurs og inspirasjonskvelden.

Det nærmar seg advent og førjulstid. Det er ei tid då dei fleste er opptatt av pynting, og å gjera det koseleg rundt oss. Ekstra kjekt er det når vi brukar pynt vi har laga sjølv! Derfor er det nok kjærkome når Gros Blomster no inviterer til kurs og inspirasjonskveld onsdag den 18.november kl. 18 i Gamleskulen.

Gro Hjelmeland som driv Gros Blomster, fortel at ho har hatt mange spørsmål frå kundar om å halda kurs, og no slår ho til saman med dei to andre som jobbar i butikken: Mary Ann Teigen og Anita Handeland. Dei er alle 3 utdanna blomsterdekoratørar, og dermed skulle alt liggja til rette for ein særdeles vellukka kveld.

Tema for kvelden er advent. Det startar med at dei samlast i Gamleskulen her i Uskedalen til demonstrasjon av arbeidet med dekorasjonar av dei 3 dekoratørane. Deretter vert det vist fram ferdige modellar av ulikt slag.

Etter dette håpar dei at deltakarane skal ha henta inspirasjon slik at dei har idè om kva dei ønskjer laga. Derfor vert det så open butikk slik at deltakarane kan få kjøpt nødvendig utstyr og materiell. Kvelden held så fram i Gamleskulen der alle lagar ein adventskrans eller adventsdekorasjon slik dei ønskjer.

Programmet tilseier at det vert ein koseleg kveld. Antal plasser er naturleg nok begrensa, og ein kan meldar seg på ved å ringa 53 47 11 00. Kostnadene med å vera med på kurs og inspirasjonskvelden er 100,-kr + materiale.

Vi nemner og at Gros Blomster har eiga facebook-side. Lik den om du ikkje alt har gjort det!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Gros Blomster